

J U L E T I D

Ingen tekst har avla så flott tonekunst som Juleevangeliet. Tenk om vi ikkje hadde julesongane og musikken - så still og stussleg ei mørketid det ville bli!

Tonane samlar oss ved juletider – vi syng, spelar, lyttar. Med plata «Juletid» vil Todalskoret, Åsskard Kyrkjekor, Sigrid, Øystein og musikarane opne (og dele med deg) ei skattkiste av tonar og tekster som talar så godt og gledeleg, stort og sterkt, varmt og vakkert til sinn og sansar. Difor: Syng gjerne med oss!

Du kan stemme i når vi opnar med *Deilig er jorden* (spor 1). I denne pilgrims-teksten har danske B. S. Ingemann lagt alle slekters trassige håp om «fred på jorden» - fordi «oss er en evig Frelser født» (sjå Norsk Salmebok, nr. 48). Melodien er i si kjende form først å finne i samlinga «Schlesische Volkslieder» frå 1842, utgjeven i Breslau (no Wrocław i Polen) – som «folketone». Men mykje tyder på at W. A. Mozart har kjent (eller kanskje laga?) den. Sjå berre denne delen av 2. sats i hans *Sonate* for klaver og fiolin i B-dur, KV 378:



*

Cantique de Noël («Julesong», spor 2) frå 1847 av Adolphe Adam vart udødeleg i Jussi Björlings versjon «O helga natt». Sigrid har gått til den franske originalen, med Rockemaure's tekst. (Orkesterstemmene har Bernt lagt til.)

Å, heilag natt! Å, signa stund for verdi då Gud i Kristus steig ned til vår jord!

Fordi han skulle verdens synder sona, han tok ei bør så tung og så stor.

Nå lyset strålar vidt utover verdi, og voni lyser over land og hav:

Folk, fall på kne og helsa glad din fridom! Å, heilag natt, du frelse til oss gav!

(Frå svensk til norsk ved Trygve Bjerkrheim)

Koppången (3) er opprinneleg eit fiolinstykke (1998) av *Per-Erik Moraeus*, inspirert av landskapet Koppången i Dalarne. Melodien rørte *Ry Backman*, som like etter dikta teksten. Den skildrar tankar som mange har hatt når vinterhim-melen over den gamle kyrkja løftar sinnet mot det evige.

Här är stillhet och tystnad nu när marken fargats vit.
Från den trygga gamla kyrkan klingar sången ända hit.
Jag har stannat vid vägen för att vila mig ett tag
och blev fångad i det gränsland som förenar natt och dag.
Och ett sken ifrån ljuset bakom fönstrets vällda ram har förenat de själar
som finns med oss här i tiden. Och jag vet att de som har lämnat oss
har förstått att vi är liksom fladdrande lågor så länge vi är här.

*

Teksten til *In the bleak midwinter* (4) vart rundt 1870 skriven av *Christina Rosetti*. (Svein Ellingsen har ei - litt stiv - gjendikting i Norsk Salmebok, nr. 55). Originalteksten er full av undring over at det fattige, lille Jesus-barnet er den Gud som skal herske over jord og himmel: - *Kva kan fattige eg gi han? Jau - det mest verdifulle eg har - mitt hjerte!* Med *Gustav Holst* sin vakre melodi kom den inn i «English Hymnal» i 1906. Og hør på plata kva Mack Wilbergs arrangement - i Tor Strand sine hender - tilføyer av uttrykkskraft og inderleghet!

*

Giuseppe Verdis Ave Maria (5) er *ikkje* den kyrkjeleg bøna vi kjenner frå katolsk tradisjon. Den som Sigrid syng saman med strykekvarsettene på plata, er «Desdemonas bøn» frå hans opera «Othello» (1891): *Desdemona* fryktar dødsstraff for noko ho ikkje har gjort. Ho vender seg til Gud via Maria («Jesu velsigna mor») og syng si inderlege bøn: – *For meg som knelar, for alle veike og undertrykte, for dei mektige og for dei som lid urett!* Strykarstemmene legg ei «overjordisk» klangramme rundt den vakre og uttrykkksfulle arien.

Dagsviks Julekantate (spor 6-17)

- *Eit folkeleg juleoratorium for vår tid!* sa Surnadals-prest og musikar Knut Ree om Arne Dagsviks kantate «I denne søte juletid» da den kom ut i 1991. Og den velklingande musikken over julebodskapen feng straks både kor og forsamlingar. Frå 1993 har Åsskard Kyrkjekor, etter kvart saman med Todalskoret, og med lokale solistar og innleigde orkesterkrefter framført kantaten mange gonger på sine julekonsertar.



I si oppbygging, med juleevangeliet som «libretto», i bibelsitat og salmetekster, er kantaten ein *musikal* eller *mini-opera*. Scenisk framføring i kyrkjerommet har difor vore naturleg for våre kor, som i 2016 feira 25-årsjubileum for verket med innspeling på plata "Juletid".

Juleforteljinga stig fram i resitativ (sungne bibelavsnitt), fyldige korparti og solo- eller gruppessatsar. Orgel og orkesterinstrument gir både tonefølgje og musikalske kommentarar til stoffet. (I satsane *De hyrder stirrer i natten ut* (10) og *Fra høye himlers jubelkor* (16) har klaveret overteke Davids-harpa si rolle.)

1 – Blomstre som en rosengård

- a) Resitativ (tenor): *Ørkenen og det tørre land skal glede seg* (Jesaja 35.1)
b) Kor: *Blomstre som en rosengård* (N. F. S. Grundtvig; Norsk Salmebok, nr. 10)

2 – Men i den sjette måned (Resitativ; Lukas 1.26-27)

3 – Nu kommer bud fra englekor

Instrumental – Sopran solo – Soprangruppe – Barytongruppe (Th. Kingo)

4 – Marias Lovsang

Fløyte solo - Sopran solo – Orkester – Kor (M. B. Landstad)

5 – De hyrder stirrer i natten ut

- a) Resitativ: *Og det var noen hyrder* (Lukas 2.8) - b) Kor: *De hyrder*

6 – Kom, la oss gå til Betlehem

Instrumental - Mannskor – Damestemmer (Lukas 2.15)

7 - Og de kom og fant (Resitativ; Lukas 2.16)

8 – Et lite barn så lystelig

Instrumental - Damekor (N. F. S. Grundtvig)

9 – Se, der er vår Gud (Resitativ; Jesaja 25.9)

10 – Hjerte, løft din gledes vinger

Kor – Barytongruppe – Sopran – Orkester (P. Gerhardt/C. Brandt)

11 – Fra høye himlers jubelkor

Sopran – Fløyte – Klaver (Rysslander/Dagsvik)

12 – I denne søte juletid (Folketone fra Salten)

Instrumental – Kor – Soprangruppe – Duett TS (H.A. Brorson; NoS 37)

*

Arne Dagsvik (f. 1947) er frå Åfjord, men slo seg ned som musikklærar i Skånland i Troms. Som komponist og arrangør har han lykkast særleg godt med å lage velklingande musikk for kor. I julekantaten kombinerer han barokk (klassisk) stilform, god melodikk og klangfull bruk av instrument og songstemmer. Utgåve: Norsk Musikforlag (NMO 10514)



«Juletonar på Nordmøre» (spor 18-23)

Liten suite for kammerorkester av Bernt Gudrunson Bøe

Nordmøre er eit av landets rikaste folkemusikkområde. I denne suiten har sju julesongar fått ny tonedrakt – med fløyte, obo, 2 fioliner, bratsj og cello. Tona- ne er alle nedskrivne av Edvard Bræin etter songkjelder rundt i bygdene våre.

1 – Du være lovet

Frå Ålvundeid (Kjelde: Marit Holten) (Tekst etter Luther)

Du være lovet, Jesu Christ, at Menneske du vorden est og kommer som vor Broder kjær.

Thi glæder sig al Himplens Hær. Halleluja!

2 – Kom, du Folkefrelser sand (Folkefrelsar, til oss kom)

Frå Todalen (Kjelde: Ane Husby) (Tekst etter Ambrosius)

Kom, du Folkefrelser sand, født af Mø foruden Mand.

Det al Verden undres maa, Gud din Fødsel skikket saa.

3 – Mit Hjerte Altid vanker

Frå Todalen (Kjelde: Tomina Husby) (Tekst: Brorson)

Mit Hjerte altid vanker i Jesu Føderum; der samles mine Tanker som i sin Hovedsum.

Der er min Længsel hjemme, der har min Tro sin Skat.

Jeg kan dig aldrig glemme, velsignet Julenat!

4 – Et Barn er født i Betlehem

A: Frå Rindalen (Kjelde: Brit Kattem) – B: Frå Gjemnes (Kjelde: Nils Høgseth)

Et Barn er født i Betlehem; Thi glæder sig Jerusalem. Halleluja! (Tekst: Grundtvig)

5 – Alle Ting er underlige

Frå Todalen (Kjelde ukjend) (Tekst: Kingo)

*Alle Ting er underlige, ingen kan det granske ud, at Gud vil til Jorden stige
for at fæste sig en Brud. Han har brudt sin Himmelsal, ligger ned i Jordens Dal.*

Til sit eget Folk han tragter, dog de ham kuns lidet agter.

5 – Fra Fjord og Fjære

Frå Tustna (Kjelde: Hallvard Nordheim) (Tekst: Landstad)

Fra Fjord og Fjære, fra Fjeld og dyben Dal, et «Ære være» i dag gjenlyde skal.

Fra Kirketaarne, I fryds Basuner, stød – for Guds Enbaarne, som er i Dag os fød.

Vi var forlorne, nu er vi frelst af Nød!



To av Bræins folketonekjelder: Hallvard Norheim (t.v.) og Tomina Husby (t.h.). I midta: Urframføring av julesongsuiten i Todalen kyrkje i desember 2015. Frå venstre Trond H. Saltnes, Odd Sonntag, Marthe B. Stavrum, Ellen Holmås og Ebba Ringmar.

Bonus-opptak: Gjenhør frå korarkivet

Mannskor er mangelvare. Difor tre eldre opptak med Bøfjorden Mannskor – forutan eit «allsongopptak» med born og vaksne (felleskor i kantorisats) frå Stangvik kyrkje.

*

Spor 24: Jeg synger julekvad (M: Wittenberg 1533/arr. B.G. Bøe – T: Luther / Landstad)

Spor 25: Gloria, gloria, pris være Gud (M: Østerrike/arr. B.G. Bøe – T: B.G. Bøe)

Spor 26: Glade jul, hellige jul (M: Franz Gruber/arr. B.G. Bøe – T: B.S. Ingemann)

Spor 27: Fra fjord og fjære (M: H.O.C. Zinck/arr. B.G. Bøe – T: M.B. Landstad)

*

Sigrid Vetleseter Bøe er utdanna ved Trøndelag Musikkonservatorium (NTNU) og Kungliga Operahögskolan i Stockholm. *Øystein Moe* er mangeårig korist med betydelege solistoppgåver. Han har elles ofte hatt underhaldningsoppdrag som songar og keyboardist. *Todalskoret* (stifta 1998) og *Åsskard Kyrkjekor* (1975) har vore knytt til kvar sine kyrkjer og har vore leia av organist Bernt Gudrunson Bøe.

